

Kring
Skorve
- Seljordstrad før og no



KRING SKORVE - SELJORDSTRAND FØR OG NO

NY SELJORDS-CD!

Seljord har vel aldri hatt eit så blømande folkemusikkmiljø som i dag, med 35 hardingfelelevar i kulturskulen og 60 unge dansarar og kvedarar i Tusseleiken. I ei bygd på knappe 3000 personar er dette ein stor prosent av befolkninga! Difor gjev Seljord spelemannslag ut sin fyrste CD når me nå arrangerar Landskappleiken 2011 i Seljord.

Dette er ein dobbel-CD, der ei plate inneheld arkivopptak med avlidne utøvarar frå Seljord, medan den andre syner folkemusikkmiljøet i bygda i dag. Seljord har gjennom tidene hatt eit rikt folkemusikkmiljø. Alt fyrst på 1900-talet blei det gjort plateinnspeling med Eilev Smedal (f. 1889).

Etnisk Musikkklubb **NEW RELEASE** **The EM Label**

Release: June 2011
Catalogue reference: EM89
Presentation: Digipack Long Box
File under: Local Folk Music
Text/Booklet: Norwegian
Total time: CD1 59:39, CD2 68,44
Bar Code: 7041885308921

Etter han, og medrekna personar fødde på 1930-talet, finst 21 avlidne utøvarar det er gjort opptak med. Tru om ein ikkje kunne rekne ut ein rekord her, samanlikna med andre kommunar, i innspela slåttar/viser per capita?

Folkemusikkmiljøet i Seljord var lenge lite organisert, og kring 1990 kunne det sjå ut til at det ville turke heilt inn – tunt med yngre utøvarar, og minkande oppslutning om tilskipingar. Men i høve opninga av idrettshallen på Granvin kulturhus blei Seljord spelemannslag skipa i 1992, med den heimflytte spelemannen Magne Manheim som musikalsk leiar. Ymse gubbar i ulike aldrar kraup òg fram frå krokane og pussa støv av fela. Fyrste gongen ein deltok i lagspel på Landskappleik var i 1998, det enda med ein tredje plass. Same plasseringa fekk ein året etter på Oppdal. Det er sagt at utan innflyttarar stoppar bygde-Noreg, ein kan spisse dette litt med å seia at utan innflyttarkvende stoppar folkemusikk-Noreg! Torunn Räftevold Rue og Ragnhild Knudsen kom til bygda, blei med i spelemannslaget frå fyrste stund og med dei i spissen blei opplæring straks ei viktig oppgåve for laget, fyrst i eigen regi, sidan i samarbeid med kulturskulen. Dette har gjeve resultat - i dag finst fleire habile og eit par svært gode frå den nye generasjonen. I yngste klasse spel hardingfele på Geilo i 2009 var 4 av 22 deltakarar frå Seljord, og i 2010 gjekk Marie Tveiten av med fyrsteplassen i si klasse på Landskappleiken på Voss! I skrivande stund er 35-40 unge under opplæring.

Utgjevinga har tittelen “Kring Skorve – Seljordstrad før og no”. Somme av dei avlidne utøvarane har fenge sine

Production and promo enquiries: Etnisk Musikkklubb, Masovngata 18, NO-3616 Kongsberg, Norway
Tel/Fax +47 32 73 56 60/61 E-mail info@emcd, www.emcd.no,
Net Shop: <http://shop.etniskmusikkklubb.no/>

Kring
Skorve
- Seljordstrad før og no



eigne CD-utgjevingar, men her har me samla alle på ein CD; *slik var det før*, seier ein då. Så seier me i tillegg at *slik er det no*, på den andre. Såleis har den eine plata namnet "*Før*", og den andre "*No*", der ein får høyre det beste av dei som er aktive no, både i solo og samspel og kveding, frå under 18 til over 80 år!

Dette har, etter vår meining, blitt ei flott CD-utgjeving med eit særeige design og fyldig teksthefte med rikt biletmateriale – og me må takke CD-nemnda Johan Vaa, Knut Loftsgarden og Harald Manheim, og grafisk designar Hans Inge Hagen. Etnisk Musikkklubb må og takkast for at dei tok på seg å vera produsent. Vedlagt ligg liste over alle utøvarane som er med.

Etnisk Musikkklubb **NEW RELEASE** **The EM Label**

Release: June 2011
Catalogue reference: EM89
Presentation: Digipack Long Box
File under: Local Folk Music
Text/Booklet: Norwegian
Total time: CD1 59:39, CD2 68,44
Bar Code: 7041885308921

Plata sleppast offisielt helga før Landskappleiken, under Seljorddagane og nattope i Seljord den 24.juni kl. 22.00 i Lomoddokki midt i Seljord sentrum. Då vonar me pressa vil vera tilstades, og også få med seg konsert med Valkyrien Allstars like etterpå!

Med venleg helsing

Seljord spelemannslag

v/leiar Hæge Manheim

(tlf.: 909 49 226 / manheima@online.no)

Production and promo enquiries: Etnisk Musikkklubb, Masovngata 18, NO-3616 Kongsberg, Norway
Tel/Fax +47 32 73 56 60/61 E-mail info@emcd, www.emcd.no,
Net Shop: <http://shop.etniskmusikkklubb.no/>